


PROSJEKTRAPPORT

ISSN 0071-5638



HAVFORSKNINGSINSTITUTTET

MILJØ - RESSURS - HAVBRUK

Nordnesgt.50 Postboks 1870 5024 Bergen

Tlf.: 55 23 85 00 Fax: 55 23 85 31

Forskningsstasjonen

Flødevigen

4817 His

Tlf.: 37 01 05 80

Fax: 37 01 05 15

Austevoll

Havbruksstasjon

5392 Storebø

Tlf.: 56 18 03 42

Fax: 56 18 03 98

Matre

Havbruksstasjon

5198 Matredal

Tlf.: 56 36 60 40

Fax: 56 36 61 43

Distribusjon:

ÅPEN

HI-prosjektnr.:

91.03.2

Oppdragsgiver(e):

HI

Oppdragsgivers referanse:

Rapport:

FISKEN OG HAVET

NR.11 - 1996

Tittel:

BOTNFISKUNDERSØKINGAR I BARENTSHAVET
VINTEREN 1996

Senter:

Marine ressursar

Seksjon:

Botnfisk

Forfatter(e):

Sigbjørn Mehl og Odd Nakken

Antall sider, vedlegg inkl.:

68

Dato:

06.06.96

Sammendrag:

Eit kombinert akustikk- og botntråltokt med sikte på å kartleggja utbreiing og framskaffa indeksar for talet på fisk og vekstdata hos torsk, hyse, blåkveite og uerartene er gjennomført sidan 1981 i Barentshavet. Vinteren 1996 var talet på 1 og 2 år gamal torsk mellom dei høgaste i tidsserien, det var vesentleg færre 3-5 åringer enn i 1995, medan det var meir 6-7 år gamal fisk enn noko tidlegare år. Talet for 1-4 år gamal hyse var lågare enn i 1995 og under gjennomsnittet for tidsserien, medan talet for 5-åringer var det nest beste og for 6-7 åringer det beste som er registrert. Lengde og vekt ved alder var låg både for torsk og hyse, men kondisjonsfaktorane var omlag normale. Indeksane for dei kommersielle uerartene var noko lågare enn i 1995. Det vart registrert meir 1 år gamal blåkveite enn tidlegare på 90-talet, elles var det lite av dei yngste årsklassane.

Emneord - norsk:

1. Botnfisk
2. Botntrål, akustikk
3. Utbreiing, mengde, vekst


Prosjektleder

Emneord - engelsk:

1. Demersal fish
2. Bottom trawl, acoustic
3. Distribution, abundance, growth

Seksjonsleder

4570



HAVFORSKINGSINSTITUTTET
SENTER FOR MARINE RESSURSA

**BOTNFISKUNDERSØKINGAR
I BARENTSHAVET VINTEREN 1996**

*Investigations on demersal fish
in the Barents Sea winter 1996*

Sigbjørn Mehl og Odd Nakken

Institute of Marine Research
P.O. Box 1870 Nordnes
N-5024 Bergen
NORWAY

INNHALD

FØREORD	5
SAMANDRAG	6
SUMMARY	7
1. INNLEIING	8
2. METODAR	9
2.1 Akustiske undersøkingar	9
2.2 Botntrålundersøkingar	11
2.3 Prøvetaking av fangst og alder/lengde-nøklar	14
3. GJENNOMFØRING	15
4. HYDROGRAFI	18
5. TOTAL EKKOMENGDE AV TORSK OG HYSE	20
5.1 Horisontal fordeling	21
5.2 Vertikal fordeling	24
6. UTBREIING OG MENGDE AV TORSK	26
6.1 Akustiske undersøkingar	26
6.2 Botntrålundersøkingar	32
6.3 Vekst	37
6.4 Vurderingar og konklusjonar	39
7. UTBREIING OG MENGDE AV HYSE	42
7.1 Akustiske undersøkingar	42
7.2 Botntrålundersøkingar	48
7.3 Vekst	53
7.4 Vurderingar og konklusjonar	55
8. UTBREIING OG MENGDE AV UER	56
8.1 Akustiske undersøkingar	56
8.2 Botntrålundersøkingar	60
9. UTBREIING OG MENGDE AV BLÅKVEITE	65
10. LITTERATUR	67
11. DELTAKARLISTE	68

FØREORD

Dei årlege fangstkotane og andre fiskerireguleringstiltak for fiskebestandane i Barentshavet blir avtalt mellom Noreg og Russland. Oversiktar over tilstand og utvikling i bestandane blir gjevne av Det Internasjonale Råd for Havforskning (ICES). ICES brukar både samla internasjonal fangststatistikk og informasjon om bestandsstorleik og -samansetjing frå forskings- tokte i vurderingane sine. Resultata frå Havforskningsinstituttet sine årlege målingar av talet på ungfisk i Barentshavet om vinteren er ein viktig del av ICES sitt datagrunnlag.

Undersøkingane starta på midten av 1970-talet med hovudvekt på akustiske målingar. I 1981 vart dei utvida til også å omfatta talet på fisk ut frå reine botntrålfangstar. Dei er blitt utvida etterkvart som krava til omfang og presisjon av biologiske bestandskarakteristika har auka. I tillegg til overvaking er metodeutvikling ein viktig del av toktet. I dag skaffar desse undersøkingane det viktigaste datatilfanget til ei rekkje prosjekt ved Havforskningsinstituttet:

- overvaking av talet på fisk i botnfiskbestandane
- overvaking av fisken si fordeling i høve til næringstilbod og havklima
- oppdatering av botnfiskbestandane si utvikling med omsyn til fødeopptak og vekst
- utrekning av torsken sitt beitepress på viktige byttedyrarter

Denne rapporten omhandlar resultata for 1996. Toktet vart gjennomført med tre forskings- fartøy i perioden 5 februar - 5 mars. I alt deltok 33 personar frå Havforskningsinstituttet (Senter for Marine Ressursar, Senter for Miljø og Administrasjonen).

Bergen juni 1996

Sigbjørn Mehl og Odd Nakken

SAMANDRAG

Eit kombinert akustikk- og botntråltokt med sikte på å framskaffa indeksar for talet på fisk og data for individuell lengde og vekt av kvar aldersgruppe av viktige botnfiskarter er gjennomført kvar vinter (4-6 veker i januar - mars) sidan 1981 i Barentshavet. Hovudinnsatsen er retta mot ungfiskbestandane av torsk og hyse, men i seinare år er slike indeksar også utarbeidde for uerartene og blåkveite. Sidan 1993 er undersøkingsområdet utvida mot nord og aust for å få ei fullstendig dekking av den isfrie delen av utbreiingsområdet til dei yngste årsklassane av torsk.

Resultata for 1996 viser:

- talet på 1 og 2 år gamal torsk var mellom dei høgaste i tidsserien
- talet for 3-5 år gamal torsk var vesentleg lågare enn i 1995 både i botntrålundersøkinga og i den akustiske undersøkinga, medan det var meir 6-7 år gamal fisk enn noko tidlegare år i tidsserien
- lengde og vekt ved alder var låg for dei fleste aldersgrupper av torsk, medan kondisjonsfaktorane var tilnærma normale og litt betre enn i 1995
- talet for 1-4 år gamal hyse var lågare enn i 1995 og under gjennomsnittet for tidsserien, talet for 5-åringar var noko lågare enn i fjor men framleis det nest høgaste i tidsserien, medan talet for 6-7 år gamal hyse var det beste som er registrert
- lengde og vekt ved alder var låg også for hyse, for 1-4 år gamal fisk litt høgare enn i 1995, for 5-6 år gamal fisk litt lågare, medan kondisjonsfaktorane var omlag normale
- indeksane for begge dei kommersielle uerartene var noko lågare enn i 1995
- totalindeksen av blåkveite vart ein del redusert i høve til 1995, mest grunna mindre dekning i Svalbandområdet. Det vart registrert fleire 1-åringar enn i dei tidlegare åra, medan resten av dei yngste årsklassane (<5år) framleis var svært fåtalige

SUMMARY

A combined acoustic and bottom trawl survey to obtain indices of abundance and estimates of length and weight at age has been carried out each winter (4-6 weeks in January- March) since 1981 in the Barents Sea. The target species are cod and haddock, but in recent years abundance indices have also been worked out for the redfish species and Greenland halibut. Since 1993 the survey area has been extended to the north and east in order to obtain a more complete coverage of the younger age groups of cod.

The main results in 1996 were:

- the abundances of 1 and 2 year old cod were among the highest in the time series
- the abundances of 3-5 year old cod were considerably lower than in 1995 both in the bottom trawl survey and in the acoustic survey, while the number of 6-7 year old cod was the highest in the time series
- length and weight at age were low for most age groups of cod, while the condition-factors were at a more normal level and a little higher than in 1995
- the abundances of 1-4 year old haddock were lower than in 1995 and below the average for the time series, the number of 5 year olds was lower than in 1995 but still the second highest in the time series, while the abundances of 6-7 years old haddock were the highest ever observed
- length and weight at age were low also for haddock, for 1-4 years old fish a little higher than in 1995 and for 5-6 years old fish a little lower
- the abundance of redfish decreased somewhat from 1995 to 1996
- the total abundance index of Greenland halibut decreased mainly due to poor coverage in the Svalbard area. The abundance of 1 year olds was higher than in the previous years while the abundances of the other young age groups (<5 years) still were very low

1. INNLEIING

Føremålet med undersøkingane er å kartleggja den geografiske fordelinga og framskaffa mål for talet på fisk og vekst av dei viktigaste kommersielle botnfiskartene i Barentshavet.

Hovudføremålet er såleis:

- å få mål for talet på fisk i dei ulike lengde- og aldersgrupper av torsk, hyse, uer, snabeluer og blåkveite
- å finna gjennomsnittslengder og -vekter for ulike aldersgrupper av torsk og hyse
- å samla inn og analysere mageprøvar av torsk for å studera torsken sin tilvekst og beiting på småtorsk (kannibalisme) og andre viktige artar

Innsamla data og tilhøyrande resultat blir nytta direkte både i bestandsanalysane og -vurderingane i ICES og i mange av Havforskningsinstituttet sine fleirbestandstilknytte prosjekt.

Dette datamaterialet er også viktig for fleire andre prosjekt.

Det blir utarbeidd mengdeindeksar både på grunnlag av fangstar frå faste botntrålstasjonar og på grunnlag av akustiske registreringar. I 1970 blei det starta opp innleiande undersøkingar av torsk og hyse for å kartleggja kva tidspunkt som er mest føremålstenleg for å undersøkje årsklasse-styrken før fisken når kommersiell storleik, og frå 1976 er det gjennomført årlege akustiske undersøkingar i perioden januar - mars. Sidan 1981 er det også gjennomført ei botntrålundersøking i same perioden. Dette medførte ein stor auke i innsatsen på botntråling, med ein til to innleigde trålarar i tillegg til eitt eller to forskingsfartøy. Sidan 1995 er undersøkingane gjennomførte med tre forskingsfartøy.

I byrjinga av 1990-åra var torskebestanden i sterk vekst og det var relativt mildt i Barentshavet med isgrense langt mot nord og aust om vinteren. Det vart etter kvart klart at deler av dei yngste aldersgruppene av torsk stod aust og nord for det faste undersøkingsområdet, og frå vinteren 1993 vart derfor undersøkingane utvida mot nord og aust. Det viste seg at ein vesentleg del av 1-, 2- og i nokon mun 3-gruppa av torsk stod utanfor det faste undersøkingsområdet, og i dei seinare undersøkingane har ein derfor prøvd å dekkja heile den tilgjengelege (isfrie) delen av utbreiingsområdet, spesielt i aust.

2. METODAR

2.1 Akustiske undersøkingar

Metoden er forklart i MacLennan and Simmonds (1991). Målingane vart gjort med Simrad EK500 ekkolodd og Bergen Ekko Integrator (BEI, Knudsen 1990). Målingar av ekkotettleik (s_A) blei lagra i BEI med høg oppløysing, og tolka verdiar vart lagra for 10 meters pelagiske kanalar og for 10 kanalar á 1 meter langs botnen for kvar nautiske mil. På trålstasjonar vart data lagra med ei oppløysing på 0.1 nautisk mil. Under tolkinga vart gjennomsnittleg total ekkotettleik for kvar 5 nautiske mil delt på art ut frå:

- fangstsamansetjing på trålstasjonane (pelagiske- og botntrålstasjonar)
- utsjånaden av ekkogrammet (registreringa sin karakter)
- fortløpande observasjonar av fisken sin målstyrke

Til hjelp i oppdelinga og artsfordelinga av registrerte ekkotettleikar vart alle trålfangstar omrekna til relative s_A -verdiar for kvar art (Korsbrekke 1995). I omrekninga vart det lagt inn lengdeavhengig sveipebreidde-korreksjon for botntrålfangstane av torsk og hyse (Aglén and Nakken 1994), sjå nedanfor. Dersom samansetjinga i trålfangstane gjev eit rett bilete av den arts- og storleiks-samansetjinga som har danna den totale ekkotettleiken, skal total ekkotettleik delast direkte på art etter slike relative s_A -verdiar. Men sjølv om det blir lagt stor vekt på å få trålfangstane mest mogeleg representative for ekkoregistreringane, vil seleksjon med omsyn til art og storleik alltid påverka fangstresultata, slik at arts- og storleiks-fordelinga av trålfangstane alltid må samanhaldast med ekkogrammet og med målstyrkeobservasjonar frå ekkoloddet.

Utrekning av indeksar

Undersøkjingsområdet er delt inn i ruter på $1/2^\circ$ geografisk breidde og 1° geografisk lengde. I kvar rute vart det for kvar art rekna ut aritmetisk middelværdi av ekkotettleik for sjiktet frå overflata og ned til 10 m over botnen (pelagisk ekkotettleik) og for 10m-sjiktet nærast botnen (botn-ekkotettleik). Desse middelværdiane er f.o.m. 1995 rekna ut maskinelt. Kvar av desse

ekkotettleikane vart deretter omrekna til gjennomsnittleg fisketettleik etter formelen:

$$\bar{\rho}_A = \bar{s}_A / \bar{\sigma}_A \quad \text{der} \quad (1)$$

$\bar{\rho}_A$ er gjennomsnittleg fisketettleik (tal / nm²) i ruter

\bar{s}_A er gjennomsnittleg ekkotettleik (m² pr. nm²) i ruter

$\bar{\sigma}_A$ er gjennomsnittleg ekkoevne for einskild fisk (m²) i ruter

For torsk, hyse og uer er ekkoevna (σ), målstyrke (TS) og fiskelengde (L i cm) relatert til kvarandre slik:

$$TS = 10 \log(\sigma/4\pi) = 20 \log L - 68 \quad (2)$$

Formel (1) ovanfor kan då skrivast på ei meir høveleg form for praktisk bruk:

$$\bar{\rho}_A = 5.02 \cdot 10^5 \cdot \bar{s}_A / \bar{L}^2 \quad \text{der} \quad (3)$$

\bar{L}^2 er gjennomsnittet av "kvadrerte fiskelengder" i ruta.

Midlare kvadrert fiskelengde, \bar{L}^2 , blei estimert slik:

For kvar rute vart det valt to sett trålfangstar; eitt som var representativt for pelagisk ekkotettleik og eitt sett som var representativt for botn-ekkotettleik (Mehl og Jakobsen 1996). Det vart berre nytta botntrålfangstar til å representera ekkotettleiken ved botn, medan det for den pelagiske ekkotettleiken i tillegg vart brukt ein del pelagiske trålfangstar. Lengdefordelinga (i prosent) for den aktuelle arten i ruta og sjiktet blei etablert ved først å rekna ut talet i kvar 5 cm lengdegruppe pr. taua distanse for kvar trålstasjon, korrigert for lengdeavhengig sveipebredde på botntrålstasjonane (sjå nedanfor). Det blei deretter summert over alle trålstasjonar, og til slutt vart resultatet multiplisert med 100/N, der N er totaltalet fisk fanga pr. utsegla distanse av den aktuelle arten i ruta og sjiktet. \bar{L}^2 blei utrekna frå denne fordelinga.

Etter at den totale tettleiken av arten (ρ_A) på rute og sjikt var utrekna med formel (3), blei denne tettleiken fordelt på 5 cm lengdegrupper i høve til den etablerte lengdefordelinga i ruta, og talet på fisk i kvar 5 cm gruppe vart så funne ved å multiplisera med arealet. Totaltalet i kvar 5 cm lengdegruppe i kvart hovudområde og i heile undersøkingsområdet blei deretter funne ved summasjon. Talet på fisk i kvar aldersgruppe i kvart hovudområde vart til slutt funne ved å bruka ein alder/lengde-nøkkel.

Fram t.o.m. 1992 blei det for torsk og hyse rekna med ein målstyrkeformel

$TS = 10 \log(\sigma/4\pi) = 21.8 \log L - 74.9$. Utrekningane var baserte på fangsttal frå botntrål med bobbins gear eller tal som var omrekna frå rockhopper til bobbins gear (Godø and Sunnanå 1992). Det var heller ikkje korrigert for lengdeavhengig sveipebreidde (t.o.m. 1994). Heile tidsserien av indeksar for torsk og hyse er no rekna om ut frå ny målstyrkeformel og rockhopper fangsttal korrigererte for lengdeavhengig sveipebreidde (Aglen and Nakken 1994).

2.2 Botntrålundersøkingar

Trålen er ein reketral (Campelen 1800) med 80 mm maskevidde i framkant. T.o.m. 1993 vart det nytta ein pose med 35-40 mm strekt maskevidde og eit vernenett med 70 mm maskevidde. Sidan denne maskevidda kan gje vesentleg utsortering av 1 år gamal torsk, vart posane i 1994 skifta ut med posar med 22 mm maskevidde. Det blir no nytta rockhopper gear på trålen.

T.o.m. 1988 vart det brukt bobbins gear, og indeksane for torsk og hyse frå denne perioden (1981-1988) er sidan rekna om til å gjelda for rockhopper gear, korrigererte for lengdeavhengig sveipebreidde (1981-1994) (Godø and Sunnanå 1992, Aglen and Nakken 1994). Sveipane er 40 m lange og dørene er Vaco kombidører (6m², 1500kg). Dei leigde trålarane har brukt Steinshamn V-dører (7.1m², 1500kg), medan "Jan Mayen" i 1995 og 1996 brukte Steinshamn W-9 dører (7.1m², 2050kg). I 1993 blei det brukt "strapping" på trålvaierane på forskingsfartøya, i 1994 blei det same gjort på tredje kvart hal og i 1995 og 1996 på annankvart hal på alle fartøya. 150 m frå dørene vart avstanden mellom trålvaierane "låst" med eit 10 m langt tau slik at avstanden mellom dørene var tilnærma konstant (48-50 m) og uavhengig av vaierlengde/ tråldjup (Engås and Ona 1993, Engås 1995). Dermed blir trålen si fangstevne for ulike arter og storleiksgrupper også uavhengig av botndjup. Utan "strapping" var avstanden mellom dørene 50-60 m og aukande med aukande djup ved konstant høve mellom vaierlengde og tråldjup. Standard tauetid er 30 minuttar (t.o.m. 1985 var tauetida 60 min.). På alle trålstasjonar vart trålen kontinuerleg overvaka med Scanmar trålinstrumentering (avstand mellom dørene, høgde av trålopingen og botnkontakt), og data blei lagra for seinare bruk.

Posisjonane for botntrålstasjonane som blir nytta for å rekna ut mengdeindeksar er sette ut på førehand. Då undersøkingane starta i 1981 blei undersøkingsområdet delt inn i 4

hovudområde (A, B, C og D) og 35 strata (mindre meir einsarta område), og dei første åra vart talet på stasjonar i kvart stratum valt ut frå venta fiskefordeling, med sikte på å redusera variansen (fleest trålhal i strata med høg og varierende tettleik av fisk). I seinare år er trålstasjonane blitt meir jamt fordelt i heile området. Sidan det har vist seg at vesentlege deler av dei yngste aldersgruppene av torsk i seinare år har stått utanfor det opphavlege strataområdet, blei undersøkingsområdet f.o.m. 1993 utvida med områda D', E og den isfrie delen av Svalbardområdet (S) (Fig. 3.2 og Tabell 3.1), i alt 28 nye strata. I 1993 og 1994-rapportane var Svalbardområdet inkludert i A' og den vestlege delen av område E (vest for 30° aust). I 1996 vart talet på strata redusert til omlag 1/3, og stasjonane blei lagt ut med tre tettleikar, basert på fiskefordelinga dei seks siste åra. Hovudårsaka til reduksjonen i talet på strata er å få mange nok stasjonar i kvart stratum til å få pålitelege mål for tettleik og varians.

Utrekning av mengdeindeksar

Utrekninga av mengdeindeksar føregår i to steg:

Først blir det rekna ut totalt tal på fisk i kvar 5 cm lengdegruppe i kvart hovudområde, og for kvart av hovudområda blir det oppretta ein alder/lengde-nøkkel. Deretter blir dei totale lengdefordelingane (tal på fisk i kvar 5 cm gruppe) omrekna til aldersfordelingar (tal på fisk i kvar aldersgruppe) ved å bruka alder/lengde-nøkkelen. Gangen i utrekningane er:

- For kvar trålstasjon blir fisketettleiken (tal/nm^2) i kvar 5 cm lengdegruppe utrekna slik:

$$\text{Fisketettleik} = \frac{\text{Fangst i tal}}{\text{Tråldistanse (nm)} \cdot \text{Fiskebredde (nm)}}$$

Fiskebreidda (sveipebreidda) var tidlegare sett fast til 25 m = 0.0135 nm. For torsk og hyse er det f.o.m. 1995 lagt inn ein lengdeavhengig korreksjon av fiskebreidda og tidsserien er omrekna (Aglén and Nakken 1994, sjå nedanfor). I utrekningane blir korreksjonen gjort for kvar 1 cm lengdegruppe, slik at talet på fisk blir justert før det blir summert opp i 5 cm lengdegrupper og tettleiken blir utrekna.

- For kvart stratum blir den gjennomsnittlege tettleiken av fisk i kvar 5 cm lengdegruppe utrekna som det aritmetiske midlet av tettleiken på stasjonane i stratumet. Deretter blir totaltalet fisk funne ved å multiplisera med arealet av stratumet.
- For kvart hovudområde blir totaltalet av fisk i kvar 5 cm gruppe funne ved å summere over

alle strata i området. Deretter blir totaltalet av fisk i kvar aldersgruppe i området utrekna ved å bruka ein alder/lengde-nøkkel.

Botntrålen si effektive fangstbreidde

Botntrålen si effektive fangstbreidde er avhengig av fiskestorleiken. Stor fisk blir i større grad leia av dører og sveiper inn mot sjølv trålbanen enn liten fisk og trålen si effektive fangstbreidde er derfor større for stor fisk enn for liten. Dickson (1993a og b) har utvikla og testa teorien for dette. Han gjev samanhøyrande verdiar av effektiv fangstbreidde og fiskelengde for torsk og hyse for botntrålen som nyttast i undersøkingane. Dickson sine resultat kan samanfattast i ein enkel formel:

$$\text{Effektiv fangstbreidde} = a \cdot L^b$$

der L er lengda av fisken og a og b er artsspesifikke konstantar for denne botntråltypen. Konstantane er fastlagde ved hjelp av ein lineær regresjon mellom ln effektiv fangstbreidde og ln L. Resultatet blir:

$$\text{Torsk: Effektiv fangstbreidde (m)} = 5.91 \cdot L \text{ (cm)}^{0.43}$$

$$\text{Hyse: Effektiv fangstbreidde (m)} = 2.08 \cdot L \text{ (cm)}^{0.75}$$

Dette gjeld i lengdeområda 15 - 62 cm for torsk og 15 - 48 cm for hyse. For større fisk er det brukt same effektive fangstbreidde som for torsk på 62 cm og hyse på 48 cm (35 m og 38 m for dei respektive artene). For fisk mindre enn 15 cm er dei effektive fangstbreiddene for fisk på 15 cm nytta (19 m for torsk og 16 m for hyse). Sjølv trålopingen er omlag 20 m brei. Aglen og Nakken (1994) har korrigert heile tidsseien 1981-1994 av begge typene mengdeindeksar (botntrål og akustikk). Korreksjonen vart utført på dei eksisterande indeksane for kvar aldersgruppe ved å bruka dei årlege gjennomsnittslengdene for kvar aldersgruppe som inngang i ein interpolasjonstabell. Botntrålindeksane for 1993 og 1994 er også korrigerte for kvar stasjon (brukt i tidsseien), men det gav berre små avvik i høve til resultatata til Aglen and Nakken (1994). Seinare er også tidsserien 1981-1992 av indeksar rekna på nytt ved å gjera ein meir nøyaktig interpolasjon enn Aglen and Nakken (1994). Dette gav ein del mindre avvik i høve til deira resultat.

2.3 Prøvetaking av fangst og alder/lengde-nøklar

Sortering, veking, måling og prøvetaking av fangst vart gjort etter gjeldande instruksar for dette (Fotland *et al.* 1995). Eit representativt utval av fangsten - evt. heile fangsten - vart lengdemålt på kvar stasjon. På kvar botntrålstasjon med meir enn 10 individ i fangsten blei det teke aldersprøve av 1 torsk og 1 hyse samt mage- og gonadeprøve av 1 torsk i kvar 5 cm lengdegruppe. Det blei supplert med tilsvarende prøver frå alle pelagiske trålhal og av all torsk over 90 cm. Vidare vart det teke alders- og gonadeprøver av alle modnande hoer som ikkje kom med i den ordinære prøvetakinga, og desse prøvene blei registrerte for seg sjølv. Ein del av mageprøvene vart undersøkt ombord etter enkel prosedyre for opparbeiding av mageprøver. Av uer blei det teke aldersprøver av 1 fisk i kvar 1 cm lengdegruppe på annankvar botntrålstasjon og av snabeluer på annankvar stasjon med meir enn 10 individ i fangsten. Det vart supplert med prøver frå alle hal med fangstar på meir enn 50 individ av uer og 100 individ av snabeluer, og frå alle pelagiske trålhal. Det vart teke aldersprøve av all blåkveite. Tabell 3.2 gjev ein oversikt over materialet.

Det vart utrekna ein alder/lengde-nøkkel for kvart hovudområde. Alle aldersprøvene i området vart nytta. Aldersprøver frå ei og same lengdegruppe blei gjeve lik vektingsfaktor. Vektingsfaktoren er lik mengdeindeksen (botntrålindeksen) av talet på fisk i 5 cm gruppa og stratumet dividert med talet på aldersprøver i same. Summen av vektingsfaktorar i eit hovudområde blir då lik mengdeindeksen for totaltalet på fisk i hovudområdet.

3. GJENNOMFØRING

Undersøkinga vart gjennomført i perioden 5. februar til 5. mars med F/F "G.O. Sars" 06.02.96-05.03.96 (BEI-toktnr. 1996901, serienr. 80001-80129), F/F "Johan Hjort" 05.02.96-03.03.96 (BEI-toktnr. 1996901, serienr. 80201-80337) og innleigde F/F "Jan Mayen" 05.02.96-29.02.96 (BEI-toktnr. 1996901, serienr. 80401-80527). Fig. 3.1 viser kurslinjer og trålstasjonar og Fig. 3.2 viser undersøkingsområdet med hovudområde A, B, C, D og tilleggsområde D', E og S (del av Svalbard-området). Tabell 3.1 gjev areala av kvart hovudområde samt den delen av tilleggsområda som er dekkja i dei enkelte åra. Den sørlege isgrensa (Fig. 3.1) medførte at fisk (særleg torsk) i området frå Bjørnøya og austover ikkje vart like godt dekkja som i dei tre føregåande åra.

Det vart i alt teke 364 hydrografiske stasjonar og 393 trålstasjonar, av desse 329 faste botntrålstasjonar. 314 av dei faste botntrålstasjonane inngår i utrekningane av botntrålindeksane (Fig. 3.2). 31 av trålstasjonane var pelagiske trålhal teke med Åkrahamn flytetrål (3200 mm maskevidde i forkant og 20 mm i trålposen, Valdemarsen og Misund 1995) for å få fleire prøvar og meir informasjon til fordeling av ekkotettleik på art og fiskestorleik. 17.2 gjennomførte alle tre fartøya samtråling på Skolpenbanken (12 enkelthal) og 24.2-25.2 utførte F/F "G.O. Sars" og F/F "Jan Mayen" samtråling i sør-vest kanten av Nordkappbanken (20 enkelthal). Tabell 3.2 gjev ein oversikt over innsamla lengde- og aldersmateriale delt på faste og frie botntrålstasjonar samt på pelagiske trålstasjonar.

Trål-, akustikk- og temperaturdata vart overført v.h.a. teleks via satellitt (Inmarsat C) frå F/F "G.O. Sars" og F/F "Jan Mayen" til F/F "Johan Hjort", som var hovudfartøy. På hovudfartøyet vart datatilfanget redigert, klargjort for utrekning av akustiske mengdeindeksar og plotta ut i kart. Det vart også føreteke ei førebels utrekning av botntrålindeksar for kvar lengdegruppe.





Fig. 3.1. Kurslinjer og trålstasjoner; F/F "G.O. Sars" 8.2-5.3, F/F "Johan Hjort" 6.2-3.3 og F/F "Jan Mayen" 7.2-29.2 1996. Isgrense er markert.
 (Survey tracks and trawl stations; R/V "G.O. Sars" 6.2-5.3, R/V "Johan Hjort" 6.2-3.3 og R/V "Jan Mayen" 7.2-29.2 1996. Iceborder is indicated.)



Figur 3.2. Undersøkningsområdet med hovedområde A, B, C og D, tilleggsområde D', E og S og trålstasjoner teke i botntrålundersøkinga 6.2 - 5.3 1996.
 (The survey area with main areas A, B, C and D, additional areas D', E and S and stations taken in the bottom trawl survey 6.2 - 5.3 1996.)

Tabell 3.1. Areal (n.mil²) dekket i botntrålundersøkingane i Barentshavet vinteren 1981-1996.
(Area (n.miles²) covered in the bottom trawl surveys in the Barents Sea winter 1981-1996.)

Område (Area)	År (Year)				
	1981-1992	1993	1994	1995	1996
A	23299	23929	27131	27131	25935
B	8372	8372	8372	8372	9701
C	5348	5348	5348	5348	5048
D	51116	51186	51186	51186	53932
D'	-	23152	24975	56822	53247
E	-	8965	12576	14859	5818
Svalbard		16690	14252	22836	11600
ABCD	88835	88835	92037	92037	94016
Total	88835	137642	143840	186554	165281

Tabell 3.2. Tal for trålstasjonar, lengdemålt (L) og aldersbestemt (A) fisk for kvart hovudområde og stasjonstype i Barentshavet vinteren 1996. B1=fast botntrål, B2=annan botntrål, P=pelagisk trål.
(Number of trawl stations, fish measured for length (L) and age (A) for main areas and trawl types in the Barents Sea winter 1996. B1=fixed bottom trawl, B2=other bottom trawl, P=pelagic trawl.)




Område (Area)	Trål type (Trawl type)	Tal hal (No. hauls)	Torsk (Cod)		Hyse (Haddock)		Vanleg uer (S.marinus)	Snabeluer (S. mentella)	Blåkveite (Greenland halibut)	
			L	A	L	A	L	L	L	A
A	B1		11986	794	6663	379	508	4564	127	
	B2		2260	13	3958	8	139	338	1	
	P		304	14	554	18	2	120	-	
B	B1		1959	196	1937	121	666	247	-	
	B2		-	-	-	-	-	-	-	
	P		-	-	-	-	-	-	-	
C	B1		2766	283	4622	201	316	1308	16	
	B2		-	-	-	-	-	-	-	
	P		134	-	213	10	2	54	-	
D	B1		28751	1513	12015	631	738	2113	230	
	B2		2569	27	3755	14	3	49	3	
	P		1024	18	541	15	-	8	3	
D'	B1		5308	138	187	13	-	8	17	
	B2		280	8	-	-	-	-	-	
	P		26	-	-	-	-	-	-	
E	B1		475	14	1	-	-	-	4	
	B2		-	-	-	-	-	-	-	
	P		-	-	-	-	-	-	-	
S	B1		3689	286	51	6	136	1397	186	
	B2		-	-	-	-	-	-	-	
	P		28	-	-	-	-	-	-	
Total	B1	329	54934	3224	25476	1351	2364	9637	580	
	B2	33	5109	48	7713	22	142	387	4	
	P	31	1516	32	1308	43	4	182	3	
Sum		393	61559	3304	34497	1416	2510	10206	587	549

4. HYDROGRAFI



Målingar av temperatur og saltinnhald i heile vassøyla vart gjennomført på alle faste botntrålstasjonar. I tillegg tok F/F "G. O. Sars" og F/F "Johan Hjort" det faste hydrografiske snittet "Semøyene - nord", og F/F "Johan Hjort" tok fem stasjonar på Kolasnittet (70°30'N-72°30'N).

Fig. 4.1 viser fordelinga av temperatur i tre djup og Fig. 4.2 gjev tidsserien av gjennomsnittleg temperatur og saltinnhald i 50-200 m djup i dei tre standardsnitta. I februar 1996 var Barentshavet vesentleg kaldare enn i dei fem føregåande vintrane. Isgrensa var mykje lengre mot sør og isotermane var "pressa" mot vest og sør i heile området. Avkjølinga har vore størst i aust der temperaturen i februar 1996 var 1-1.5°C lågare enn i februar 1995, men temperaturane i 1996 var under gjennomsnittet for perioden 1977-1996 i alle tre snitta (Fig. 4.2). Saltinnhaldet er blitt redusert sidan 1993 i alle snitta.

Observasjonane tyder på at volumtransporten av varmt og salt vatn inn i Barentshavet frå Norskehavet vinteren 1995/1996 var redusert samanlikna med tidlegare år samstundes som varmetapet frå hav til atmosfære var større enn i dei føregåande åra.



Figur 4.1. Temperaturfordeling februar-mars 1996. A) ved overflata, B) i 100 m djup, C) ved botnen.
 (Temperature distribution February-March 1996. A) surface, B) 100 m depth, C) bottom.).



Figur 4.2. Gjennomsnittleg temperatur og saltinnhald i 50-200 m djup under vinterundersøkingane 1977- 1996.
 A) Fugløya-Bjørnøya i mars, B) Vardø-nord i mars, C) Semøyene-nord i januar-februar.
 (Mean salinity and temperature in the 50-200 m depth layer during the winter surveys 1977-1996.
 A) Fugløya-Bear Island in March, B) Vardø-N in March, C) Sem Islands-N in January-February.)


5. TOTAL EKKOMENGDE AV TORSK OG HYSE

5.1 Horisontal fordeling


Den geografiske fordelinga av ekkotettleik for torsk og hyse er vist i Fig. 5.1 og 5.2 der isgrensa også er trekt. Registreringane av torsk var noko meir vest- og sørleg fordelte enn i 1995 og tettleikane var gjennomgåande lågare. I området aust av Bjørnøya låg iskanten så langt sør at ein ikkje fekk dekkja bakkekanten og fiskemengdene godt nok.

Også hysa var fordelt meir mot vest og sør enn i 1995. Medan ein i 1995 hadde tette registreringar langs Murmankysten mellom 34° og 38° aust, var det i 1996 lite fisk å sjå aust for 34-graden.

Tabell 5.1 viser ekkomengda (ekkotettleik · areal) fordelt på hovudområde og sjikt, og i Tabell 5.2 er summane for heile havet gjevne. Både for torsk og hyse syner tala ein merkbar reduksjon frå 1995 til 1996; mest for torsk der den totale ekkomengda er redusert med 40 % i høve til 1995 og meir enn halvert i høve til 1994. Den relative mengda av hyse i botnkanalen auka sterkt, medan den for torsk var den same som i 1995.



Figur 5.1. TORSK. Fordeling av total ekkotettleik vinteren 1996. Eining er integrert reflekterande overflate pr. kvadrat nautisk mil (m^2/nm^2).
 (COD. Distribution of total echo abundance winter 1996. Unit is integrated back scattering surface per square nautical mile (m^2/nm^2).)



Figur 5.2. HYSE. Fordeling av total ekkotettleik vinteren 1996. Eining er integrert reflekterande overflate pr. kvadrat nautisk mil (m^2/nm^2).
 (HADDOCK. Distribution of total echo abundance winter 1996. Unit is integrated back scattering surface per square nautical mile (m^2/nm^2).)

Tabell 5.1. Ekkomengde av torsk, hyse og uer i det pelagiske sjiktet (P) og i 10 m sjiktet over botnen (B) i kvart hovudområde av Barentshavet vinteren 1996 (m^2 reflekterande overflate $\cdot 10^{-3}$).
(*Echo abundance of cod, haddock and redfish in the pelagic layer (P) and in the 10 m layer above the bottom (B) in main areas of the Barents Sea winter 1996 (m^2 reflecting surface $\cdot 10^{-3}$).*)

Område (Area)	Torsk (Cod)			Hyse (Haddock)			Uer (Redfish)		
	P	B	Total	P	B	Total	P	B	Total
A	323	131	454	230	66	296	228	56	284
B	150	187	337	310	267	577	123	108	231
C	23	27	50	53	33	86	16	12	28
D	797	471	1268	325	250	575	42	25	67
D'	152	107	259	1	10	11	-	-	-
E	9	7	16	-	-	-	-	-	-
S	271	74	345	11	-	11	390	56	446
Total	1725	1004	2729	930	626	1556	799	257	1056

Tabell 5.2. Torsk og hyse. Total ekkomengde og ekkomengde i 10 m sjiktet over botnen frå akustisk undersøkingar i Barentshavet vinteren 1981-1996 (m^2 reflekterande overflate $\cdot 10^{-3}$).
(*Cod and haddock. Total echo abundance and echo abundance in the 10 m layer above the bottom from acoustic surveys in the Barents Sea winter 1981-1996 (m^2 reflecting surface $\cdot 10^{-3}$).*)

År (Year)	Ekkomengde (Echo abundance)								
	Total			Botn (bottom)			Botn/total (bottom/total)		
	Torsk (Cod)	Hyse (Had.)	Sum	Torsk (Cod)	Hyse (Had.)	Sum	Torsk (Cod)	Hyse (Had.)	Sum
1981			2097			799			0.38
1982			686			311			0.45
1983			597			169			0.28
1984			2284			604			0.26
1985			5187			736			0.14
1986			5990			820			0.14
1987			2676			608			0.23
1988			1696			579			0.34
1989			914			308			0.34
1990			1355			536			0.40
1991			2706			803			0.30
1992			4128			951			0.23
1993	3905	2854	6759	1011	548	1559	0.26	0.19	0.23
1994	5076	3650	8726	1201	609	1810	0.24	0.17	0.21
1995	4125	3051	7176	1525	651	2176	0.37	0.21	0.30
1996	2729	1556	4285	1004	626	1630	0.37	0.40	0.38

5.2 Vertikal fordeling

Tabell 5.3 og 5.4 viser vertikalfordelinga av ekkotettleik for torsk og hyse. Meir enn 90 % av torsken vart registrert nærare botnen enn 50 m. Dette er vesentleg meir enn i 1995. Dei siste tre åra har torsken stått gradvis nærare botnen år for år. For mengdeindeksane medfører dette at dei akustiske indeksane underestimerer talet på fisk fordi mykje fisk står i dødsona, medan fisken i løpet av desse åra har blitt meir og meir tilgjengeleg for botntrål slik at botntrål-indeksane truleg overestimerer talet på fisk i høve til føregåande år.

Tabell 5.3. TORSK. Gjennomsnittleg ekkotettleik (s_A pr. meter $\cdot 10^3$) i aukande avstand frå botnen for ulike botndjup for heile Barentshavet, samt totalen for kvart hovudområde vinteren 1996.
(*Cod. Mean echo density (s_A per meter $\cdot 10^3$) at increasing height over the bottom for different bottom depths for the whole Barents Sea and the total for each main area winter 1996.*)

Djup (m)/ Depth (m)	Avstand frå botnen (m) / Height over the bottom in (m)										Sum	
	0-10	10-20	20-30	30-50	50-100	100-150	150-200	200-250	250-300	> 300		
0- 50	3	0	0	0	0	0	0	0	0	0	3	
50-100	21	9	5	8	9	0	0	0	0	0	52	
100-150	55	15	11	7	3	3	0	0	0	0	93	
150-200	1222	374	190	84	15	1	1	0	0	0	1887	
200-250	862	317	236	150	63	12	2	2	0	0	1643	
250-300	949	265	185	138	70	34	9	3	5	0	1658	
300-350	761	255	178	132	72	28	15	8	5	1	1454	
> 350	587	285	237	173	93	49	30	23	12	4	1494	
Total	752	257	178	120	56	23	10	6	4	1	1407	
%	53.4	18.3	12.7	8.5	4.0	1.6	0.7	0.4	0.3	0.1	100	
A	Tot.	561	234	191	143	62	27	14	7	3	+	1241
	%	45.2	18.8	15.4	11.5	5.0	2.2	1.1	0.6	0.2	+	100
B	Tot.	1584	378	265	148	47	11	4	3	+	+	2440
	%	64.9	15.4	10.9	6.1	1.9	0.5	0.2	0.1	+	+	100
C	Tot.	841	174	99	77	44	22	13	5	2	+	1278
	%	65.8	13.6	7.7	6.0	3.4	1.7	1.0	0.4	0.2	+	100
D	Tot.	1129	372	242	160	79	32	12	6	4	+	2037
	%	55.4	18.3	11.8	7.9	3.9	1.6	0.6	0.3	0.2	+	100
D'	Tot.	156	65	43	29	14	3	0.5	+	1	0.2	312
	%	50.0	20.8	13.8	9.3	4.5	1.0	0.2	+	0.3	0.1	100
E	Tot.	103	25	10	8	6	4	2	1	3	0.4	162
	%	63.5	15.4	6.1	4.9	3.7	2.5	1.2	0.6	1.9	0.2	100
S	Tot.	623	356	290	202	102	52	33	33	24	9	1724
	%	36.1	20.6	16.8	11.7	5.9	3.0	1.9	1.9	1.4	0.5	100

Også for hysa var det ei tilsvarende utvikling i vertikalfordeling. I 1996 var meir enn 90 % nærare botnen enn 50 m, mot 55 % i 1995. Den botnnære fordelinga av begge artene i 1996 tilseier at botntrålfangstane gjev eit godt bilete av storleiks- og alderssamansetjinga i dei to ungfiskbestandane. Fordelinga tilseier også at reduksjonen i talet på fisk slik den framgår av botntrålindeksane frå 1994 til 1996 snarare er for liten enn for stor.

Tabell 5.4. HYSE. Gjennomsnittleg ekkotettleik (s_A pr. meter $\cdot 10^3$) i aukande avstand frå botnen for ulike botn djup for heile Barentshavet, samt totalen for kvart hovudområde vinteren 1996.
(HADDOCK. Mean echo density (s_A per meter $\cdot 10^3$) at height over from the bottom for different bottom depths for the whole Barents Sea and the total for each main area winter 1996.)

Djup (m)/ Depth (m)	Avstand frå botnen (m) / Height over the bottom in (m)										Sum	
	0-10	10-20	20-30	30-50	50-100	100-150	150-200	200-250	250-300	> 300		
0- 50	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
50-100	1	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	1
100-150	21	3	2	2	+	0	0	0	0	0	0	28
150-200	922	290	144	50	7	1	+	0	0	0	0	1414
200-250	640	237	165	104	34	3	+	1	0	0	0	1183
250-300	690	178	127	102	47	17	4	+	0	0	0	1167
300-350	751	225	163	143	97	22	7	2	+	0	0	1411
> 350	177	72	62	45	42	42	23	11	4	+	+	478
Total	539	170	114	78	39	15	6	2	1	+	+	965
%	55.9	17.6	11.8	8.1	4.0	1.6	0.6	0.2	0.1	+	+	100
A	Tot.	415	173	144	117	77	46	15	4	1	+	993
	%	41.7	17.4	14.5	11.8	7.8	4.6	1.5	0.4	0.1	+	100
B	Tot.	2184	398	269	234	122	14	5	5	+	+	3229
	%	67.6	12.3	8.3	7.2	3.8	0.4	0.2	0.2	+	+	100
C	Tot.	1492	409	253	223	193	63	29	11	4	1	2680
	%	55.7	15.3	9.4	8.3	7.2	2.4	1.1	0.4	0.1	+	100
D	Tot.	729	252	158	90	34	11	4	1	+	+	1279
	%	57.0	19.7	12.4	7.0	2.6	0.9	0.3	0.1	+	+	100
D'	Tot.	5.1	0.2	+	+	+	0	0	0	0	0	5
	%	94.4	5.6	+	+	+	0	0	0	0	0	100
E	Tot.	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
	%	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
S	Tot.	4	10	13	10	3	6	17	16	6	0.3	86
	%	4.7	12.0	15.5	11.6	3.5	7.0	19.8	18.6	7.0	0.3	100

6. UTBREIING OG MENGDE AV TORSK

6.1 Akustiske undersøkingar


Fig. 6.1 - 6.6 syner fordelinga av dei ulike aldersgruppene. Desse karta er baserte på gjennomsnittsverdiar innanfor ruter og har derfor dårlegare oppløysing enn ekkomengdekartet (Fig. 5.1). Karta viser det vanlege hovudtrekket om vinteren; den yngste fisken er fordelt lengst mot aust og fisken blir meir og meir vestleg fordelt med alderen. Mesteparten av fisken som er 6-7 år og eldre er på denne tida av året sørover langs kysten på gytevandring og blir berre i liten grad dekkja av denne undersøkinga.

Tabell 6.1 viser talet på fisk fordelt på lengde og alder. Som i 1995 kom over 70 % av totalindeksen frå fisk på 10-14 cm, og 99 % av desse var 1-åringar. I høve til 1995 var det omlag ei halvering av talet på fisk mellom 35 og 65 cm, medan det var vel 10 % færre av fisk som var større enn 65 cm.


Tabell 6.2 viser indeksar for kvar aldersgruppe i dei ulike hovudområda, pelagisk (P) og nær botnen (B). Over 70 % av fisken på 1-4 år vart registrert i dei austlege områda D og D', medan 70 % av den eldre fisken stod lengre vest. Omlag 70 % av 1-3 åringane og vel 80 % av den eldre fisken vart registrert i det gamle standardområdet ABCD, medan 10 % av totalindeksen kom frå fisk i Svalbardområdet.

Tidsserien (Tabell 6.3) viser at totalindeksen vinteren 1996 var den nest høgaste i tidsserien, vel 10 % lågare enn tilsvarande i 1995, men som då var omlag 75 % av dette 1-åringar.


Indeksen for 1994-årsklassen (2-gruppa) vart redusert med nesten 90 % frå 1995 til 1996, og indeksane for 1993 - 1990-årsklassane (3-6 åringar) vart reduserte med 60-70 % frå i fjor til i år. Talet på 6 år gamal og eldre fisk var nesten 10 % over 1995-nivået og det høgaste i tidsserien.




Figur 6.1. 1-GRUPPE TORSK. Fordeling vinteren 1996 (ekkoregistreringar, talet på fisk pr. kvadratnautisk mil).
 (1-GROUP COD). Distribution winter 1996 (echo recordings, no. of fish per square nautical mile.)




Figur 6.2. 2-GRUPPE TORSK. Fordeling vinteren 1996 (ekkoregistreringar, talet på fisk pr. kvadratnautisk mil).
 (2-GROUP COD). Distribution winter 1996 (echo recordings, no. of fish per square nautical mile.)




Figur 6.3. 3-GRUPPE TORSK. Fordeling vinteren 1996 (ekkoregistreringar, talet på fisk pr. kvadratnautisk mil).
 (3-GROUP COD). Distribution winter 1996 (echo recordings, no. of fish per square nautical mile.)



Figur 6.4. 4-GRUPPE TORSK. Fordeling vinteren 1996 (ekkoregistreringar, talet på fisk pr. kvadratnautisk mil).
 (4-GROUP COD). Distribution winter 1996 (echo recordings, no. of fish per square nautical mile.)



Figur 6.5. 5-GRUPPE TORSK. Fordeling vinteren 1996 (ekkoregistreringar, talet på fisk pr. kvadratnautisk mil).
 (5-GROUP COD). Distribution winter 1996 (echo recordings, no. of fish per square nautical mile.)



Figur 6.6. 6-GRUPPE OG ELDRE TORSK. Fordeling vinteren 1996 (ekkoregistreringar, talet på fisk pr. kvadratnautisk mil).
 (6-GROUP AND OLDER COD). Distribution winter 1996 (echo recordings, no. of fish per square nautical mile.)

Tabell 6.1. TORSK. Mengdeindeksar for lengde- og aldersgrupper frå den akustiske undersøkinga i Barentshavet vinteren 1996 (talet på fisk i millionar).

(COD. abundance indices at length and age from the acoustic survey in the Barents Sea winter 1996 (numbers in millions).)

Lengde (Length) (cm)	Alder (Årsklasse) / Age (yearclass)										Sum
	1 (95)	2 (94)	3 (93)	4 (92)	5 (91)	6 (90)	7 (89)	8 (88)	9 (87)	10+ (86+)	
5-9	9.2										9.2
10-14	2374.5	14.3									2388.8
15-19	19.4	167.1									186.5
20-24	1.1	138.6	29.0								168.8
25-29		13.0	32.0	2.2							47.2
30-34		1.6	20.5	7.9							30.0
35-39		0.2	13.1	16.1	3.4						32.8
40-44			1.0	26.4	11.2						38.6
45-49				14.3	27.7	0.9					43.0
50-54				3.1	27.9	5.5					36.4
55-59				0.1	13.5	13.0					26.6
60-64					2.1	22.9	2.4				27.4
65-69					0.1	20.2	4.1				24.4
70-74						9.2	5.4	0.2			14.8
75-79						2.8	4.2	0.4			7.4
80-84						0.6	2.3	0.9		0.1	3.8
85-89							1.3	0.6	0.1		2.0
>90							0.8	0.8	0.3	0.3	2.2
Sum	2404.2	334.8	95.6	70.2	85.9	75.1	20.6	2.9	0.4	0.4	3090.0

Tabell 6.2. TORSK. Akustiske mengdeindeksar i det pelagiske sjiktet (P) og i 10 m sjiktet over botnen (B) for kvart hovudområde av Barentshavet vinteren 1996 (talet på fisk i millionar).

(COD. Acoustic abundance indices in the pelagic layer (P) and in the 10 m layer above the bottom (B) for the main areas of the Barents Sea winter 1996 (numbers in millions).)

Omr. (Area)	Sjikt (Layer)	Alder (Årsklasse) / Age (Yearclass)										Total
		1 (95)	2 (94)	3 (93)	4 (92)	5 (91)	6 (90)	7 (89)	8 (88)	9 (87)	10+ (86+)	
A	P	190.3	18.8	4.3	8.8	11.8	12.7	2.9	0.2	+	0	250.0
	B	63.9	6.3	1.7	3.9	5.1	5.5	1.2	0.1	+	0	87.6
B	P	49.3	3.0	1.3	1.9	3.8	7.7	2.8	0.4	0.1	0	70.2
	B	57.5	3.6	2.0	2.5	4.9	10.0	3.3	0.4	0.1	0	84.3
C	P	15.3	0.5	0.3	0.4	0.6	0.9	0.3	0.1	+	+	18.3
	B	17.0	0.5	0.3	0.4	0.7	1.1	0.4	0.1	+	+	20.4
D	P	846.8	131.0	38.4	22.1	26.2	14.6	3.9	0.7	0.1	0.2	1083.9
	B	475.4	59.5	19.7	15.4	17.6	9.1	2.5	0.5	0.1	0.2	599.9
D'	P	279.2	36.8	10.5	3.1	1.5	0.2	+	0	0	0	331.3
	B	156.8	25.1	7.2	3.9	2.2	0.2	+	0	0	0	195.4
E	P	25.5	0.9	+	+	0	0	0	0	0	0	26.5
	B	20.4	0.5	+	+	0	0	0	0	0	0	20.9
S	P	164.3	37.9	7.8	6.1	8.9	10.2	2.6	0.4	+	+	238.3
	B	42.4	10.5	2.1	1.8	2.6	2.9	0.7	0.1	+	+	63.0
ABCD	P	1101.7	153.3	44.3	33.2	42.4	35.9	9.9	1.4	0.2	0.2	1422.4
	B	613.8	69.9	23.7	22.2	28.3	25.7	7.4	1.1	0.2	0.2	792.2
Total	P	1570.8	228.9	62.7	42.4	52.8	46.2	12.5	1.7	0.2	0.2	2018.5
	B	833.4	105.9	32.9	27.8	33.1	28.9	8.1	1.2	0.2	0.2	1071.5
	Sum	2404.2	334.8	95.6	70.2	85.9	75.1	20.6	2.9	0.4	0.4	3090.0

Tabell 6.3. TORSK. Mengdeindeksar frå akustiske undersøkingar i Barentshavet vinteren 1981-1996 (talet på fisk i millionar).

(COD. Abundance indices from acoustic surveys in the Barents Sea winter 1981-1996 (numbers in millions).)

År (Year)	Alder (år) / Age (years)										Total
	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10+	
1981	8	82	40	63	106	103	16	3	1	1	423
1982	4	5	49	43	40	26	28	2	+	0	197
1983	0	19	13	23	27	14	7	4	1	+	108
1984	1807	150	31	11	7	5	2	+	+	0	2013
1985	108	768	179	127	21	9	6	+	+	+	1218
1986	1302	590	595	124	56	7	2	+	+	0	2676
1987	3	72	96	256	46	12	1	1	+	0	487
1988	2	29	64	42	75	9	2	+	+	0	224
1989	9	9	20	43	27	57	8	1	+	0	174
1990	350	45	16	24	27	22	40	3	1	0	526
1991	187	234	55	31	27	25	14	16	1	0	591
1992	348	579	182	48	18	11	8	4	2	0	1201
1993	1686	432	300	163	80	14	7	3	1	3	2688
1994	1083	686	358	343	159	43	9	2	1	1	2685
1995	2644	280	181	161	214	69	18	2	1	1	3570
1996	2404	335	96	70	86	75	21	3	+	+	3090


6.2 Botntrålundersøkingar

Fig. 6.7-6.10 viser geografisk fordeling av torsk < 20 cm, 20-34 cm, 35-49 cm og \geq 50 cm (talet på fisk pr. tråltime). Som i føregåande år var den minste fisken fordelt lengst mot nord og aust. Dei største førekomstane vart funne nord for Gåsbanken, på Skolpenbanken og i Hopendjupet. På grunn av meir is enn i føregåande år vart ikkje den minste torsken skikkeleg dekkja og avgrensa mot nord og aust. Den større fisken vart heller ikkje fullstendig avgrensa mot nord. Torsk på 20-34 cm hadde ein tanke meir austleg utbreiing enn i 1995, medan utbreiingsmønsteret for lengdegruppa 34-49 cm var svært likt det i 1995. Den største torsken hadde også omlag same utbreiinga som i 1995, men det var mindre areal med tette førekomstar ($>$ 100 fisk pr. tråltime) enn i fjor.


Tabell 6.4 presenterer mengdeindeksane fordelte på lengdegrupper for kvart hovudområde. Det er også gjeve standard feil samt variasjonskoeffisientar (CV) for totalen. Som i 1995 dominerte fisk på 10-14 cm, men standardfeilen var litt høgare enn i fjor. Det kan skuldast eit litt meir "oppstykkja" fordelingsmønster i år. Elles låg variasjonskoeffisientane på omlag same nivå som i 1995 (10-15%), men total CV låg litt høgare p.g.a. høgare CV for småfisken.

Tabell 6.5 viser indeksane fordelte på lengdegrupper og alder, og Tabell 6.6 gjev indeksane fordelte på aldersgrupper for kvart hovudområde. 1-åringane utgjorde vel 80 % av totalindeksen, og 50 % vart funne innanfor område ABCD, medan 56 % av 2-gruppa, 67 % av 3-gruppa og omlag 85 % av den eldre fisken stod innanfor det gamle standardområdet. 80 % av all fisken vart registrert i dei austlege områda D og D', mot 60 % i 1995. Knappt 5 % vart funne i den undersøkte delen av Svalbardområdet, mot vel 20 % i 1995.


Tidsserien (Tabell 6.7) viser at totalindeksen er den høgaste sidan undersøkinga starta. Auken i høve til 1995 kjem av at 1-åringane (1995-årsklassen) var endå meir talrike enn i 1-gruppa i fjor. Estimater for 2-åringane (1994-årsklassen) er det nest høgaste i tidsserien, tett oppunder 2-gruppe indeksen for 1983-årsklassen i 1985. 2-5 åringane ligg ein del under tilsvarande aldersgrupper i 1995, og 1990-1993 årsklassane vart reduserte med frå 40 til 65 % frå i fjor til i år. Talet på 6-7 år gamal fisk var det høgaste i tidsserien.




Figur 6.7. TORSK < 20 cm. Fordeling i trålfangstane vinteren 1996 (talet på fisk pr. tråltime).
 (COD < 20 cm. Distribution in the trawl catches winter 1996 (number per hour trawling).)



Figur 6.8. TORSK 20-34 cm. Fordeling i trålfangstane vinteren 1996 (talet på fisk pr. tråltime).
 (COD 20-34 cm. Distribution in the trawl catches winter 1996 (number per hour trawling).)



Figur 6.9. TORSK 35-49 cm. Fordeling i trålfangstane vinteren 1996 (talet på fisk pr. tråltime).
 (COD 35-49 cm. Distribution in the trawl catches winter 1996 (number per hour trawling).)



Figur 6.10. TORSK \geq 50 cm. Fordeling i trålfangstane vinteren 1996 (talet på fisk pr. tråltime).
 (COD \geq 50 cm. Distribution in the trawl catches winter 1996 (number per hour trawling).)

Tabell 6.4. TORSK. Mengdeindeksar (I) for lengdegrupper med standard feil (S) frå botntrålhal for kvart hovudområde av Barentshavet vinteren 1996 (talet på fisk i millionar)
(COD. Abundance indices (I) at length with standard error of mean (S) from bottom trawl hauls for main areas of the Barents Sea winter 1995 (numbers inmill.))

Lengde (Length) cm	Område (Area)																
	A		B		C		D		D'		E		S		Total		
	I	S	I	S	I	S	I	S	I	S	I	S	I	S	I	S	CV (%)
5-9	0.9	0.5	0.9	0.4	1.4	0.5	7.8	1.8	2.7	0.9	-	-	-	-	13.7	2.2	16.0
10-14	590.1	120.2	41.9	24.3	95.7	22.3	2164.7	294.4	2514.3	535.2	147.9	61.1	185.9	54.1	5741.2	628.8	11.0
15-19	31.1	6.9	1.0	0.4	2.2	0.6	164.6	25.7	193.1	58.6	11.2	6.6	38.3	12.0	441.4	65.8	14.9
20-24	19.1	4.5	0.7	0.3	0.5	0.2	174.6	32.1	119.6	40.2	1.9	0.9	15.5	3.5	331.9	51.8	15.6
25-29	5.2	1.0	0.4	0.2	0.6	0.1	54.1	6.4	20.4	12.7	-	-	5.2	1.7	85.7	14.3	16.7
30-34	6.5	1.0	0.3	0.2	0.9	0.4	35.4	4.7	0.6	0.3	-	-	8.7	5.7	52.4	7.5	14.3
35-39	7.8	1.2	1.1	0.4	1.9	1.3	33.9	4.1	0.7	0.5	-	-	9.8	5.9	55.2	7.4	13.4
40-44	10.9	1.4	2.4	1.2	1.9	1.0	38.3	6.1	0.6	0.4	-	-	9.9	4.2	63.9	7.7	12.0
45-49	15.8	2.2	2.9	1.2	1.8	0.8	37.1	5.4	0.3	0.2	+	+	10.6	3.1	68.7	6.8	9.9
50-54	17.1	2.4	4.0	1.3	1.8	0.5	25.9	4.1	0.3	0.3	-	-	10.4	3.4	59.5	6.0	10.0
55-59	15.1	2.1	3.9	1.2	1.7	0.6	18.1	3.0	0.7	0.5	-	-	7.4	1.9	47.0	4.4	9.3
60-64	15.9	2.1	5.5	1.4	2.1	0.9	13.9	2.6	1.0	0.9	-	-	6.0	1.4	44.4	4.1	9.2
65-69	10.4	1.6	4.5	1.3	1.7	0.8	8.8	1.8	0.8	0.7	-	-	3.0	0.5	29.3	3.0	10.1
70-74	4.3	0.5	2.3	0.6	1.0	0.5	4.4	1.1	0.2	0.2	-	-	0.9	0.2	13.1	1.4	10.7
75-79	1.7	0.3	1.1	0.3	0.6	0.3	1.5	0.3	0.1	0.1	-	-	1.0	0.2	5.9	0.6	9.8
80-84	0.7	0.1	0.7	0.2	0.2	0.1	1.2	0.3	-	-	-	-	0.4	0.1	3.3	0.4	11.4
85-89	0.4	0.1	0.4	0.2	0.2	0.1	0.9	0.2	-	-	-	-	0.3	0.2	2.1	0.3	16.3
>90	0.4	0.1	0.3	0.1	0.2	+	1.0	0.2	-	-	-	-	0.1	+	1.9	0.2	10.9
Sum	753.9	120.6	74.3	24.5	116.3	22.4	2786.3	297.6	2855.4	540.1	161.0	61.4	313.4	56.6	7060.5	634.7	9.0

Tabell 6.5. TORSK. Mengdeindeksar for lengde- og aldersgrupper frå botntrålundersøkinga i Barentshavet vinteren 1996 (talet på fisk i millionar).
(COD. Abundance indices at length and age from the bottom trawl survey in the Barents Sea winter 1996 (numbers in millions).)

Lengde (Length) (cm)	Alder (Årsklasse) / Age (yearclass)										Sum
	1 (95)	2 (94)	3 (93)	4 (92)	5 (91)	6 (90)	7 (89)	8 (88)	9 (87)	10+ (86+)	
5-9	13.7										13.7
10-14	5709.3	32.0									5741.2
15-19	54.9	386.5									441.4
20-24	1.0	271.8	59.1								331.9
25-29		22.2	58.8	4.7							85.7
30-34		2.9	35.3	14.1							52.4
35-39		0.1	22.2	27.2	5.8						55.2
40-44			2.1	40.4	21.4						63.9
45-49				23.9	42.2	2.6					68.7
50-54				5.4	42.6	11.3	0.2				59.5
55-59				0.2	22.2	24.6					47.0
60-64					2.6	38.0	3.7				44.4
65-69					0.2	23.6	5.5				29.3
70-74						5.9	6.9	0.3			13.1
75-79						1.3	4.2	0.3	+		5.9
80-84						0.1	2.2	0.8	+	0.1	3.3
85-89							1.3	0.7	0.1	0.1	2.1
>90							0.6	0.7	0.2	0.3	1.9
Sum	5778.8	715.5	177.6	116.0	136.9	107.5	24.5	2.9	0.4	0.5	7060.5

Tabell 6.6. TORSK. Mengdeindeksar frå botntrålhal for kvart hovudområde av Barentshavet vinteren 1996 (talet på fisk i millionar).
(COD. Abundance indices from bottom trawl hauls for main areas of the Barents Sea winter 1996 (numbers in millions).)

Omr. (Area)	Alder (Årsklasse) / Age (Yearclass)										Total
	1 (95)	2 (94)	3 (93)	4 (92)	5 (91)	6 (90)	7 (89)	8 (88)	9 (87)	10+ (86+)	
A	596.2	48.8	12.3	24.0	31.3	33.3	7.4	0.6	0.1	-	753.9
B	42.9	1.7	1.4	3.5	6.7	13.5	4.2	0.4	+	+	74.3
C	97.7	2.5	2.9	3.2	3.5	4.7	1.4	0.2	0.1	+	116.3
D	2150.7	344.2	102.6	67.0	76.1	35.8	8.0	1.2	0.1	0.4	2786.3
D'	2552.0	256.1	40.3	3.6	1.4	2.1	-	-	-	-	2855.4
E	147.9	13.0	-	+	-	-	-	-	-	-	161.0
S	191.4	49.2	18.1	14.6	18.0	18.2	3.5	0.4	0.1	+	313.4
ABCD	2887.5	397.2	119.2	97.7	117.6	87.3	21.0	2.4	0.3	0.5	3730.8
